



HØGSKULEN I VOLDA

Institutt for sosialfag

Avdeling for samfunnsfag og historie

Domstolkommisjonen
Domstoladministrasjonen
[Klikk her og skriv](#)
[Klikk her og skriv](#)

DYKKAR REF:
[Klikk her og skriv](#)

VÅR REF:
[Klikk her og skriv](#)

DATO:
01.07.2019

Høgskulen i Volda

Postboks 500
6101 Volda
Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:
Joplassvegen 11
6103 Volda

postmottak@hivolda.no
www.hivolda.no

Uttale vedkomande Søre Sunnmøre Tingrett og framtidig struktur i domsstolane

Høgskulen i Volda har dei seinare åra satsa på å betre den juridiske kompetansen i organisasjonen – både i administrasjonen og i fagmiljøa. Det er per i dag tilsett tre juristar i administrative stillingar og fem i fagstillingar. Søre Sunnmøre Tingrett er viktig for oss med tanke på å behalde det gode og sterke fagmiljøet som er etablert her på Søre Sunnmøre.

Institutt for sosialfag har stadig behov for å knyte til oss juristar med høg kompetanse, som kan dekkje dei fagområda som dei fast tilsette juristane forskar på og underviser i. Dei faste tilsette har fri forskingstid som ein del av stillinga si og forskingsstipend i korte eller lengre periodar og ein er avhengige av å kunne rekruttere utanfrå, både i høve til vikartimar og engasjement. Vi har særleg nytta oss av tilsette ved Tingretten og lokale advokatar med spisskompetanse på sine felt, til dømes i utlendings- og asylrett og barnevernrett.

I profesjonsutdanningane våre i sosialt arbeid er juridisk kompetanse sentralt og vi har behov for praksisnær undervising av høg kvalitet. Høgskulen treng eit sterkt fagmiljø kring oss og vi meiner at ei lokalisering av tingretten i Volda også i framtida er viktig for å oppretthalde kvaliteten på og kompetansen i miljøet. Å nytte tingretten sin særlege kompetanse i praksisnære, studentaktive undervisningselement krev dessutan geografisk nærleik til høgskulen og instituttet. Institutt for sosialfag arbeider no med implementering av dei nye forskriftene om retningsliner for dei sosialfaglege grunnutdanningane. Vi registrerer at krava til studentane sin juridisk kompetanse og til ferdigheitene i å anvende jussen er blitt høgre, i særleg grad gjeld dette barnevernpedagogutdanninga.

Fleksibilitet og kommunikasjonar er sjølvsagt eit sentralt moment når vi hentar inn fagfolk utanfrå, i praksis er det slik at det er enklare å rekruttere frå det lokale fagmiljøet enn frå fagmiljø med lengre reiseveg.

Institutt for sosialfag er dessutan opptekne av at spørsmålet om organisering og struktur hjå domstolane våre også handlar om rettstryggleik og dette har ei side til samfunnsoppdraget vi har som fagmiljø. Det bør vere tilgjenge til juridisk kompetanse og rettshjelp av god kvalitet, også i mindre kommunar og på bygda. Ein desentralisert domstolsstruktur byggjer sjølvsagt opp om dette. Ei undersøking Telemarksforsking har utført syner er dels betydelege skilnader mellom små og store kommunar når det gjeld delen av kompetente fagfolk med juridisk utdanning i kommunane (Juristen nr 4/19), .

Institutt for sosialfag
Avdeling for samfunnsfag og historie

Margrete H. Øyehaug
Høgskulelektor

Egil Arne Standal
Førstelektor